

Dokumentoversyn:  
Tal prenta vedlegg: 3

## **Framlegg til samarbeidsavtale og reviderte vedtekter for Vestlandsrådet**

### **Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

1. Vestlandsrådet går inn for vedlagde samarbeidsavtale og sender denne til uttale i medlemsfylka. Rådet ber samstundes om fullmakt til sjølv å endeleg godkjenne avtalen.
2. Vestlandsrådet går inn for vedlagde reviderte vedtekter og sender desse til godkjenning i medlemsfylka.
3. Det blir oppretta ei fast stilling som sekretariatsleiar for Vestlandsrådet under føresetnad av at kvart medlemsfylke godkjenner ein auke i medlemskontingenten på kr. 250 000 for kvar fylkeskommune.

Med atterhald om godkjenning får fylkesrådmannen tildelt mynde til

- å utarbeide stillingsbeskrivelse for stillinga,
- utlysing og
- tilsetting.

Prenta vedlegg: 1. Framlegg til samarbeidsavtale for Vestlandsrådet  
2. Gjeldande vedtekter for Vestlandsrådet  
3. Framlegg til reviderte vedtekter for Vestlandsrådet

## **Saksframstilling**

### **Bakgrunn**

Arbeidet i rådet har fram til no vore regulert gjennom vedtektene og ein eigen handlingsplan. Mandatet til Vestlandsrådet er gitt gjennom vedtektene, mens handlingsplanen først og fremst har vore eit styringsdokument for rådet sitt utviklingsarbeid.

Handlingsplanen er i dag i mindre grad ein styringsreiskap for Vestlandsrådet. Under den tidlegare behandlinga av denne saka i rådet peika fylkesrådmannen på at planen er mykje prega av utviklingstiltak og at den elles er for detaljert. Planen blei ikkje tilrådd rullert.

I debatten omkring saka slutta råder seg til ei slik vurdering og arbeidet med å utarbeide eit strategisk dokument – ein traktat – med prioriterte satsingsområde blei lansert.

Ei politisk samansett arbeidsgruppe blei nedsett for å jobbe vidare med saka. Gruppa valde å bruke nemninga samarbeidsavtale for det strategiske dokumentet.

På den felles samlinga mellom Vestlandsrådet og fylkesutvala i medlemsfylka i Bergen 26. -27. mai kom ein fram til eit utkast til ny samarbeidsavtale for Vestlandsrådet.

Utkastet må formelt behandlast i Vestlandsrådet. Det ligg ikkje eksplisitt i vedtektene korleis saksgangen for behandlinga av denne typen dokument skal vere.

### **Vidare saksgang**

Fylkesrådmannen oppfattar samarbeidsavtalen til å vere eit forsøk på å presisere det politiske og organisatoriske grunnlaget for Vestlandsrådet. Såleis legg avtalen vekt på det politiske samarbeidet og skal styrke den politiske leiarskapen i rådet. Slik sett er dette ei viktig presisering i høve innretninga på arbeidet.

Med den nye samarbeidsavtalen, bør ein i vedtektene presisere at samarbeidet er regulert gjennom:

- a) vedtektene og
- b) samarbeidsavtalen.

Vedtektene regulerer her premissane for og diverse formalia omkring samarbeidet, mens samarbeidsavtalen presiserer det politiske og organisatoriske grunnlaget.

Alternativt kan ein innlemme heile samarbeidsavtalen i vedtektene og tilpasse vedtektene føringane gitt i det føreliggande utkastet til samarbeidsavtale. Fylkesrådmannen rår likevel til at samarbeidet blir regulert av både vedtektene og samarbeidsavtalen. Vedtektene vil då liggje i botn. Samarbeidsavtalen må kunna justerast anten årleg eller ved behov.

I den grad avtalen vil føre til endringar i vedtektene, må det fremjast eit nytt ukast til vedtekter. § 12 i dei noverande vedtektene regulerer dette slik:

*Endringar i desse vedtektene må vedtakast av fylkestinga i alle dei deltakande fylkeskommunane. Vestlandsrådet skal uttale seg før handsaming i fylkeskommunane.*

Som sagt regulerer ikkje vedtektene korleis ein behandlar eit dokument som samarbeidsavtalen. Fylkesrådmannen føreslår at Vestlandsrådet sjølv får mynde til å godkjenne denne etter at avtalen først er sendt medlemsfylka til uttale.

Avtalen legg vidare opp til å opprette ei stilling som sekretariatsleiar. Dette vil måtte føre til auka utgifter for rådet. Medlemsfylka må godkjenne ei slik ordning og elles godta ein auke i kontingenten. I § 11 Finansiering av rådet sin aktivitet heiter det i punkt c.:

*Rådet skal ha eit eige budsjett til dekking av andre typar driftsutgifter til rådet av felles interesse for deltakande fylkeskommunar. Rådet skal sjølv gje framlegg om storleiken på dette. Kvar fylkeskommune skal dekke ¼ av desse utgiftene.*

Med bakgrunn i drøftinga ovanfor gjer fylkesrådmannen framlegg om slik saksgang for behandling av samarbeidsavtalen og ev. endringar i vedtektene:

#### Ad samarbeidsavtalen

Vestlandsrådet ber medlemsfylka om mynde til å godkjenne samarbeidsavtalen etter at denne først er sendt desse til uttale.

#### Ad endringar i vedtektene

Rådet sin uttale til nye vedtekter blir også gjort i dette møtet og sendt medlemsfylka for godkjenning.

#### Ad budsjettmessige konsekvensar

Det vil vere naturleg at fylkestinga gjer særskild vedtak om oppretting av stilling som sekretariatsleiar då dette har budsjettmessige konsekvensar.

### **Nærmare om framlegget til ny samarbeidsavtale**

#### Føremål

Visjon og føremål er skissert i eksisterande vedtekter.

Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at det er behov for ein visjon slik det går fram av vedtektene.

I samarbeidsavtalen har ein fokusert på den politiske dimensjonen ved samarbeidet. Føremålet for samarbeidet er tilpassa i forhold til dette.

§ 1 Føremål i vedtektene må endrast i samsvar med samarbeidsavtalen. I tillegg vil fylkesrådmannen gjere framlegg om å ta ut punktet om visjon i vedtektene.

#### Organisering

Samansetjinga av Vestlandsrådet er regulert i § 4 i vedtektene. Oppgåver og vedtaksmynde er regulert i § 7 og sekretariatet i § 9.

Vedtektene gir i dag generelle føringar for organiseringa av rådet. Utkastet til samarbeidsavtale legg opp til ei presisering av ulike sider ved organiseringa. I den grad desse gjev nye føringar skal vedtektene endrast i samsvar med desse. Fylkesrådmannen oppfattar dette såleis at vedtektene må endrast slik at dei opnar for å gjere dei endringane utkastet til samarbeidsavtale legg opp til.

I utkastet frå fellesmøtet gjer ein framlegg om at det blir oppretta ei stilling som sekretariatsleiar. Dette inneber ei endring i forhold til noverande vedtekter. Vidare står det i dag

at fylkesrådmennene leiar sekretariatet. Også dette må endrast på i framlegget til nye vedtekter. I framlegget blir dette føreslått løyst opp i ved at fylkesrådmannen i leiarfylket blir sekretariatsleiaren sin nærmaste overordna.

Det som er sagt om leiarvervet og at fylkesrådmannen i det fylket som har leiarvervet har tilrådingsrett til rådet, inneber ikkje endringar i høve noverande vedtekter.

Derimot seier ikkje noverande vedtekter noko om at fylkesordføraren i neste leiarfylke er nestleiar i rådet.

Vidare føreslår ein at det blir skipa eit AU med dei fire fylkesordførarane. Noverande vedtekter opnar for ei slik ordning.

Det er ikkje sagt noko eksplisitt i vedtektene om høvet til å setje ned politiske adhoc-utval, open time, faste tema og felles fylkesutvalsmøte. Fylkesrådmannen legg opp til å regulere dette gjennom samarbeidsavtalen.

#### Satsingsområde for samarbeidet

Vedtektene gir mandatet for samarbeidet. Det vil vere naturleg at eit strategisk dokument seier noko om satsingsområde for samarbeidet.

Innanfor dei ulike satsingsområda skal det utarbeidast ein felles plattform for det vidare arbeidet. Det må såleis setjast i gang eit arbeid for å kome fram til ei felles plattform. Fylkesrådmannen tek sikte på å leggje fram eit drøftingsgrunnlag på neste møte i Vestlandsrådet. Eit utkast til plattform kan så drøftast på det felles fylkesutvalsmøtet i februar før Vestlandsrådet gjer endeleg vedtak på sitt første ordinære møte i 2010. (Sjå elles avsnittet om føreslegen møtестruktur for rådet.)

#### **Krav til vedtekter for interfylkeskommunalt samarbeid etter kommunelova sin §27**

Eit interfylkeskommunalt samarbeid kan skipast i tråd med kommunelova sin § 27, der to eller fleire kommunar eller fylkeskommunar kan opprette eit eget styre for løysing av felles oppgåver. Om eit slikt selskap kan reknast som eit eige rettssubjekt er avhengig på ei konkret vurdering av den enkelte verksemda. Moment i ei slik vurdering kan vere kor sjølvstendig styret er, om styret er tildelt budsjettmynd, rett til å ta opp lån, fatte vedtak i personalsaker og høvet til å binde verksemda utan å måtte innhente samtykke frå deltakarane. Dersom eit slikt selskap vert rekna som et eige rettssubjekt, betyr det at selskapet sjølv er part i avtalar med private og offentlige aktørar.

Vedtektene for et interkommunalt styre skal innehalde bestemmelsar for om styret si samansetjing og korleis dei vert peika ut, styret sitt verksemdsområde, om deltakarane skal skyte inn i verksemda om styret kan ta opp lån og om det kan pådra deltakarane økonomiske plikter. Den enkelte fylkeskommune kan skriftleg sei opp si deltaking i det interkommunale samarbeidet, og krevje seg løyst frå samarbeidet.

#### **Andre praktiske konsekvensar**

##### Iverksetting av samarbeidsavtalen

Avtalen kan tidlegast setjast i verk frå 01.01.2010.

##### Oppretting stilling som sekretariatsleiar

Kontingenten bør dobblast frå kr. 250 000 pr. fylke i dag til kr. 500 000 for å finansiere ei fast stilling som sekretariatsleiar. Sidan opprettinga av stillinga har økonomiske konsekvensar, må dette godkjennast av medlemsfylka.

Med atterhald om godkjenning oppretting av stillinga og finansiering, kan stillinga likevel lysast ut med det første. Fylkesrådmannen gjer framlegg om den blir lyst ut med arbeidsstad på eitt av dei fire administrasjonssentra. Plasseringa vil vere avhengig av kven som får jobben. Det må utarbeidast stillingsbeskrivelse og eigen avtale med vertsfylket om kontor, kontorhald m.v..

Eg gjer framlegg om at fylkesrådmannen får delegert mynde til

- å utarbeide stillingsbeskrivelse for stillinga,
- utlysing og
- tilsetting.

Det vil vere naturleg at fylkesrådmannen konfererer med arbeidsutvalet undervegs i prosessen.

Det bør vere ei open utlysing.

Ein sekretariatsleiar kan tidlegast vere på plass og starte opp i mars/april 2010.

Fylkesrådmannen i det fylket som leiar av sekretariatet får som arbeidsstad vil vere denne sin nærmaste overordna. Dette av arbeidsrettslege grunnar.

I forhold til saksbehandlinga i Vestlandsrådet skal vedkomande derimot forholde seg til fylkesrådmannen i leiarfylket. Dette blir føreslege presisert i vedtektene.

#### Skiping av AU

§ 5 i vedtektene opnar for at Vestlandsrådet kan opprette arbeidsutval. Det er ikkje sagt noko om samansetjing, funksjon og rolle.

Det er difor behov for å definere samansetjing og kva rolle eit slikt arbeidsutval skal ha.

Ukastet til samarbeidsavtale frå fellesmøtet gjer framlegg om at det vert skipa eit AU med dei fire fylkesordførarane.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om at AU skal ha følgjande funksjonar:

- AU skal ikkje vere eit innstillingsorgan til rådet. Det vil framleis vere fylkesrådmannen i leiarfylket som skal ha innstillingsretten til rådet.
- AU skal vere eit organ som set den politiske dagsorden – avklare kva saker som ein skal jobbe med mellom møta og kva saker som skal takast opp på neste møte
- AU skal ta avgjerd i saker mellom møta der dette er nødvendig og etter mynde frå rådet

Fylkesrådmannen gjer vidare framlegg om å innarbeide dette i samarbeidsavtalen.

#### Utarbeiding av felles plattform for satsingsområda

Fylkesrådmannen føreslår at det blir køyrt ein administrativ prosess på dette før saka blir lagt fram for i første omgang politisk drøfting og seinare politisk behandling.

#### Møtestruktur for Vestlandsrådet

Samarbeidsavtalen legg opp til at Vestlandsrådet skal ha tre ordinære møte i året. Dei fire fylkesutvala møtest ein gong i året.

Det er ikkje gitt at medlemmer av rådet også er medlem av fylkesutvalet. Det bør difor presiserast at det er Vestlandsrådet og dei fire fylkesutvala som møtest ein gong i året.

På det felles fylkesutvalsmøtet blei dessutan følgjande møtestruktur skissert.

4 møte pr år:

- 2 dagsmøte
- 1 felles fylkesutvalsmøte over 1 ½ dag i samband med behandlinga av årsrapporten i februar og plan for arbeidet påfølgande år
- 1 møte over 1 ½ dag der fylket som har leiarskapen i rådet presenterer seg.

Fylkesrådmannen gjer framlegg om at dette blir innarbeidd i avtalen.

Fylkesrådmannen ser føre seg ein slik møteplan:

Februar: Felles fylkesutvalsmøte med m.a. gjennomgang av årsmelding

Mai: Dagsmøte

September: Presentasjon av fylket som har leiarskapen

November eller desember: Dagsmøte

### **Tilråding**

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet går inn for vedlagde samarbeidsavtale og sender denne til uttale i medlemsfylka. Rådet ber samstundes om fullmakt til sjølv å endeleg godkjenne avtalen.
2. Vestlandsrådet går inn for vedlagde reviderte vedtekter og sender desse til godkjenning i medlemsfylka.
3. Det blir oppretta ei fast stilling som sekretariatsleiar for Vestlandsrådet under føresetnad av at kvart medlemsfylke godkjenner ein auke i medlemskontingenten på kr. 250 000 for kvar fylkeskommune.

Med atterhald om godkjenning får fylkesrådmannen tildelt mynde til

- å utarbeide stillingsbeskrivelse for stillinga,
- utlysing og
- tilsetting.